

Forskrift om godtgjering og dekning av utgifter for folkevalde i Bjørnafjorden kommune

Fastsett av Bjørnafjorden kommunestyre 18.06.2021, oppdatert 23.09.2021, med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner §§ 8-3 til 8-10.

§ 1 Formål

Forskrifta skal legga til rette for brei rekruttering til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken. Forskrifta skal tydeleggjere kva for verv som er omfatta av forskrifta, og kva for kriterium som ligg til grunn for utgiftsdekning og godtgjering.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjelder kommunale tillitsverv for Bjørnafjorden kommune, så framt vervet ikkje godtgjerast på annan måte. Forskrifta omfattar tillitsverv oppretta etter særlover, så framt vedkommande særlov ikkje har eigne føresegner om godtgjering. Forskrifta gjeld arbeidstakarrepresentantar i styrer, råd og utval, i den grad dei ikkje mottar godtgjering på annan måte. Tilsette i Bjørnafjorden kommune som i kraft av si stilling deltar i folkevalde organ, blir ikkje godtgjort etter forskrifta.

§ 3 Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap

Den som har et tillitsverv i Bjørnafjorden kommune, har krav på

- a. skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser i samband med vervet
- b. dekning av utgifter som følge av vervet, også utgifter til andre for å utføre nødvendige arbeidsoppgåver, barnepass og andre omsorgsoppgåver man i forbindelse med utføring av vervet ikkje sjølv kan utføre
- c. erstatning for tapt inntekt som følge av vervet.

Krav etter første ledd skal leggst fram for kommunen så snart som mogleg og senast innan tre – 3 – månader etter at kravet oppstod. Kravet skal dokumenterast. Krav etter første ledd bokstav b eller c som ikkje kan dokumenterast, dekkes likevel dersom utgiftene eller tapet er sannsynleggjort på annan måte.

Deltaking på kurs, konferansar m.m.

Medlemane av folkevalde utval som er oppnemnde eller får løyve av ordførar til å delta på kurs eller konferansar, får dekka eventuelt tap i inntekt. Det vert utbetalt møtegodtgjersle etter satsen for det utvalet dei er medlem av.

Representasjon i eksterne møte

Medlem som vert *beden* av ordførar om å representera kommunen i eksterne møte, kan få dekka tap i inntekt.

§ 4 Utmåling av utgifter og økonomisk tap

Godtgjering for skyss, kost og overnatting etter § 3 første ledd bokstav a blir gitt for reiser over 4 km etter dei til ei kvar tid gjeldande satsane i kommunen sitt reiseregulativ.

Dei som har kortare veg enn 4 km, men der samla reiselengde vert over 100 km pr. år, får all reise godtgjort.

Køyring til/frå møte skal reknast med utgangs- og endepunkt i den folkevalde sin heim i Bjørnafjorden kommune. Folkevalde som i periodar bur utanfor kommunen, får dekkja reisa til/frå møte etter særskild vurdering, jf. §8-3 i kommunelova.

Krav om reisegodtgjersle må registrerast elektronisk.

Dokumenterte utgifter etter § 3 første ledd bokstav b, som avløysar, vikar, barnepass og stell av sjuke og eldre, vert godtgjort etter rekning.

Tapt arbeidsinntekt etter § 3 første ledd bokstav c vert dekkja med *inntil kr 4.000.- pr dag*, (kr 533.- pr. time), rekna etter 7,5 t/dag. Det er eit vilkår at det vert lagt fram dokumentasjon frå arbeidsgivar på omfanget av inntektstapet. Vederlag for dokumentert tap i lønsinntekt, gjev grunnlag for feriepengar.

Arbeidstakaren skal sjølv senda inn krav på tapt arbeidsforteneste til kommunen. Dersom arbeidsgivaren ikkje trekker den folkevalde i løn, kan arbeidsgivaren senda faktura til kommunen på lønsutgiftene dei hadde for vedkomande når representanten utfører politiske verv, men summen per dag skal ikkje overstige kr. 4.000,- per dag medrekna mva.

Heimeverande husmødrer og -fedrar, studentar, frilansarar og pensjonistar kan ha krav på erstatning for udokumentert inntektstap når dei må forsømme sine daglege gjeremål for å ivareta tillitsverv. Desse gruppene får godtgjort opp til kr. 1300 pr. møte eller reisedag.

Tapt inntekt etter § 3 første ledd bokstav c dekkast med inntil kr 1300,- per dag for ikkje-dokumenterte tap.

§ 5 Arbeidsgodtgjering

a. Fast årleg godtgjersle

Fast årleg godtgjersle kjem i tillegg til møtegodtgjersle.

Ordførar	Godtgjersla blir regulert til 95% av godtgjersla for stortingsrepresentantar
Varaordførar	10% av ordføraren si godtgjersle med tillegg av vanleg møtegodtgjersle. Kan få frikjøpt tid med inntil 40% av full stilling
Gruppeleiarar	7,6 ‰ av ordføraren si godtgjersle
Utvalseleiar av plan-, bygg- og miljøutval	6 % av ordføraren si godtgjersle
Utvalseleiar av tenesteutvalet	3 % av ordføraren si godtgjersle
Utvalseleiarar av forlikrådet og kontrollutvalet	4 % av ordføraren si godtgjersle

Medlemar av formannskap og plan-, bygg- og miljøutval	2,5 % av ordføraren si godtgjersle
Medlemar av tenesteutval	1,5 % av ordføraren si godtgjersle

Leiarar og medlemar av andre råd og utval får ikkje fast årleg godtgjersle. Uavhengige representantar vert ikkje rekna som gruppeleiarar.

Fast årleg godtgjersle etter *første ledd* blir redusert med 50 % ved deltaking i mindre enn 2/3 av møta i løpet av kalenderåret.

Varamedlem som deltar i minst 1/3 av møta i løpet av et kalenderår, har rett til 50 % av den faste medlemen sin årlege godtgjersle *etter første ledd*.

Ein varamedlem som deltar på minst 2/3 av møta, har rett til full fast godtgjersle.

Ein fast medlem som deltar på mindre enn 1/3 av møta får ikkje fast årleg godtgjersle.

b. Møtegodtgjersle

Godtgjersle blir som hovudregel betalt ut til representantar som er valde av kommunestyret, og etter at det ligg føre eit referat eller ein protokoll frå møtet.

Den som har eit kommunalt tillitsverv, har krav på godtgjering for sitt arbeid etter følgende satsar:

<i>Tillitsverv</i>	<i>Godtgjering i ‰ av ordførar si godtgjersle</i>
Kommunestyremedlemar og varamedlemar	1,5 ‰ per møte
Medlemar i formannskap, tenesteutval og plan-, bygg- og miljøutval	1,5 ‰ per møte
Varamedlemar til formannskap, tenesteutval og plan-, bygg- og miljøutval	2 ‰ per møte
Utvalseleiar i tenesteutval, plan- og bygningsutval plan-, bygg- og miljøutval og kontrollutvalet	2 ‰ per møte
Medlemar og varamedlemar i administrasjonsutval og kontrollutval	1,5 ‰ per møte
Utvalseleiar i råd og utval: Eldreråd Råd for menneske med nedsett funksjonsevne Ungdomsråd Ombodsutval	1,5 ‰ per møte

Klagenemnd Prestegardtilsyn Utgreiings- og særnemnder og ad hoc-utval Politisk valde medleamar i samarbeidsutvalet for Bjørnafjorden kulturskule, samarbeidsutvala for barnehagane og skulane, og Kommunalt foreldreutval (KFU)	
Medleamar og varamedleamar i råd og utval: Eldreråd Råd for menneske med nedsett funksjonsevne Ungdomsråd Ombodsutval Klagenemnd Prestegardtilsyn Utgreiings- og særnemnder og ad hoc-utval Politisk valde medleamar i samarbeidsutvalet for Bjørnafjorden kulturskule, samarbeidsutvala for barnehagane og skulane, og Kommunalt foreldreutval (KFU)	1,0 ‰ per møte

Det er i utgangspunktet *ei godtgjersle* per dag. Det *kan* bli betalt maksimalt to møtegodtgjersler per dag. Korte møte med avgrensa saksliste relatert til føregående eller etterfølgande møte, for å sikra riktig saksgang, gir ikkje rett til to møtegodtgjersler.

§ 6 Godtgjering ved frikjøp

Folkevalde som blir frikjøpt frå ordinært arbeid, mottar ei fast godtgjering i staden for dekning av tapt inntekt etter § 5 og arbeidsgodtgjering etter § 6.

Ordføraren er frikjøpt i 100 % stilling. Ordførar si godtgjering blir regulert i takt med godtgjersla for stortingsrepresentantar

Varaordføraren blir frikjøpt i inntil 40 % stilling. Varaordførar si godtgjering er fastsett til 10 % av ordførar si godtgjersle

§ 7 Ettergodtgjering

Folkevalde som har eit tillitsverv som si hovudsysseletting, har etter søknad rett til ettergodtgjering i inntil 3 månader når de fråtrer vervet.

Søknad om ettergodtgjering blir avgjort av kommunedirektøren.

Retten til ettergodtgjering kan bli avkorta mot annan inntekt etter reglane i kommunelova § 8-6 andre og tredje ledd.

§ 8 Pensjonsordning

Folkevalde i ombod på 50% eller meir av 1/1 stilling, vert melde inn i kommunen si pensjonsordning.

§ 9 Rett til sjukepengar

Folkevalde som har et tillitsverv som si hovudsysselsetting, har same krav på sjukepengar som tilsette i kommunen.

Kommunen skal betale sjukepengar tilsvarande full godtgjering i arbeidsgivarperioden frå den første til den sekstande sjukedagen, jf. folketrygdlova § 8-19.

Har den folkevalde krav på godtgjering utover seks gongar grunnbeløpet, jf. folketrygdlova § 8-10 andre ledd, skal kommunen betala forskjellen mellom det den folkevalde har krav på å få utbetalt i sjukepengar frå folketrygda og det den folkevalde ville fått i godtgjering i den same perioden.

§ 10 Rettar ved yrkesskade

Folkevalde som har eit tillitsverv som si hovudsysselsetting, skal meldast inn i Bjørnafjorden kommune si yrkesskadeforsikring og eventuelle andre tilleggsforsikringar som gir tilsette i kommunen rett til ytingar ved yrkesskade.

§ 11 Permisjonar

Folkevalde som har eit tillitsverv som si hovudsysselsetting, har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15.

Søknad om permisjon blir avgjort av kommunestyret.

Under permisjonen beheld den folkevalde godtgjering i inntil to veker, med mindre han eller ho gjer avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og ved barns og barnepassars sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjeringa etter same reglar som gjeld for tilsvarande permisjonar for tilsette i kommunen.

§ 12 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft straks og gjeld ut valperioden 2019-2023.